

Referat frå SU-møte 21. april 2021

Desse møtte:

Marit Tveite Bystøl (leiar i SU), Birgit Berg Hustveit (vara foreldrerep.), Jorunn Marie Bøyum Halland (tilsettere representant), Hildegunn Bergheim (tilsettere representant) Mette Johannessen (tenesteleiar).

Fråfall: Rune Lunde (nestleiar i SU), Olaug Marie Bjelde (eigarrepresentant) og Anne Kristin Lund (ass. tenesteleiar)

Sak 1/21 Godkjenning av sakslista

- Alle innkomne saker er informert om, ingen merknader.

Sak 2/21 Informasjon frå styrar om barnehageåret 2020/2021

- Dette barnehageåret har barnehagane i Sogndal vore på gult nivå (korona); dette var òg utgangspunktet vårt då me lagde årsplanen. Me har vore heldige som har hatt lite smitte i Sogndal kommune, og ikkje vore på rødt nivå.
- Alle pedagogiske aktivitetar har difor vore avdelingsvis; me har ikkje hatt noko samarbeid på tvers av avdelingane.
- I jule- og påskeferien har me hatt nye kohortar (søskengrupper) for å få kabalen til å gå opp; me prøver å få tatt ut mest mogeleg avspasering og ferie i periodar med færre ungar for å nytte personalressursane på beste måte. I følgje [smittevernrettleiaren](#) kan me lage nye kohortar etter ei helg.
- På ettermiddagane har avdelingane hatt kvart sitt faste uteområde, men på formiddag har avdelingane bytt på uteområde og vore på turar i nærområdet. Me er utruleg heldige som har so flott uteområdet i barnehagen, og so mange fine turmoglegheita i nærområdet.
- Me har heller ikkje kunne hatt foreldrearrangement.

- Me har likevel hatt ein raud tråd i arbeidet vårt der alle avdelingane jobbar med ein del av dei same temaene knytt til årstider og høgtider, på ulike måtar tilpassa aldersgruppa. Blant anna har alle vore med på Forut barneaksjon, hatt julegrupper, påskegrupper, venneveker og temafest.
- Alle avdelingar arbeidar med tema knytt til psykisk helse, inkluderande barnehage og fysisk aktivitet (Actnow) som er våre satsingsområde.
- I år valde me Torbjørn Egner som årets forfattar; alle avdelingane har blitt godt kjend med songane hans og nokre av forteljingane. Og alle hadde ein flott framsyning avdelingsvis på temafesten.
- Me har hatt veldig lite fråvær blant tilsette i år; det har difor vore veldig stabilt personale på avdelingane. Me er òg heldige med at me har nokre faste vikarar som me brukar ved behov når dei er ledige.
- Me har laga eit evalueringsskjema av barnehageåret på Forms, som me ønskjer å sende ut til både tilsette og føresette. Det blir ikkje anonymt, men det er frivillig om ein ønskjer å svare. Ein kan velje å berre svare på nokre spørsmål viss ein ønskjer det.
- Foreldre- og tilsettere representantar kom med nokre innspel og me gjorde nokre små endringar på eit par av spørsmåla.

Sak 3/21 Informasjon frå styrar om barnehageåret 2021/2022

- Frå 15. august 2021 er Kjørnes barnehage permanent 6-avdelings barnehage.
- Slik som det ser ut no blir det 93 barn som tel 123,6 plassar.
- Det startar 31 nye barn, og det kjem nye barn på alle avdelingane.
- Dette tilsvara 20,6 årsverk tilsette etter bemanningsnormen, og 9 av årsverka skal vera barnehagelærar utifrå pedagognormen.
- Når me no vart permanent 6-avdelings barnehage, vart òg 50 % stilling som assisterande tenesteleiar fast. Denne stillinga vart lyst ut internt i Kjørnes barnehage, og Anne Kristin Lund er no tilsett fast i den stillinga.
- Det vart då ledig 50 % fast stilling som barnehagelærar; denne har Vigdis Vigdal Barsnes fått. Ho har jobba 3 år i vikariat i kommunen, og hadde no rett på fast stilling.
- Me har ledige stillingar, både faste og vikariat, som fagarbeidar/ assistent og barnehagelærar på småbarnsavdelingane. Me har hatt utlysing og kalla inn til intervju.

- Det vil vere 3 småbarnsavdelingar i Gulehuset: Kleivane med 13 barn f. 2020 (blå gruppa), Vetlebekken med 9 barn f. 2019 (rød gruppa) og Nyperusti med 10 barn f. 2019 (rød gruppa).
- Det vil vera 3 storbarnsavdelingar: Knubben med 18 barn f. 2018 (lilla gruppa), Maurtua med 21 barn f. 2017 (grøn gruppa) og Bjørnehiet med 22 barn f. 2016 (rosa gruppa).
- Maurtua og Bjørnehiet byter på å vera 2 veker inne på Skuleholten og 2 veker ute på Furehaugen.
- Slik som det er no er årskulla so store at dei fyller ein avdeling, og me har aldersreina avdelingar. Det er ein fordel at kulla er so store; då blir det veldig stabilt for ungane ved at det er dei same ungane og vaksne over fleire år. Alle barna får med seg kjende vaksne og barn når dei byter avdeling.
- Korleis fordelinga skjer, aldersblanda/delt kjem an på storleiken på gruppene. Kjørnes barnehage er ikkje ein tradisjonell barnehage med faste avdelingar; delinga mellom ute- og innebarnehage set nokre rammer i forhold til at vår profil er at dei to eldste kulla skal vere på Furehaugen. Av og til får òg nokre lilla (3-åringar) vera på utegruppa fordi det ikkje er nok 5- og 4-åringar til å fylle to avdelingar.
- Men ved at dei vaksne føl barna vidare til neste avdeling legg me til rette for at barna skal oppleve stabilitet og tryggleik i overgangane.

Sak 4/21 Informasjon frå styrar om BTI

- Dette barnehageåret har personalet i Kjørnes barnehage hatt kompetanseheving knytt til nye [mobbelova](#), siste modulane i psykisk helse, autisme og [BTI](#).
- Me har jobba med implementering av BTI, og knytt til det arbeidet har kommunen laga ein kompetansehevingsplan som me har følgd:
 - *Introduksjon til BTI og opplæring i bruk av modellen*
 - *Kunnskap om beskyttelse- og risikofaktorar, teikn og signal*
 - *Samtale med barn og unge*
 - *Ta opp ei bekymring med føresette*
 - *Case-arbeid*

- BTI består av ein grunnmodell med tilhøyrande handlingsrettleiar, verktøy og kompetansen til dei tilsette.
- **Grunnmodellen** i BTI beskriv korleis samhandlinga kan leggjast til rette på fire forskjellige nivå, avhengig av omfanget på vanskane som skal løysast og talet på aktørar som skal involverast:

Nivå 0: Her avklarar me om det er grunnlag for bekymringa. (lågterskelnivå).

Nivå 1: Beskriv tiltak innanfor kvar enkelt teneste. (Bhg og føresette)

Nivå 2: Beskriv eit enkelt tverrfagleg samarbeid, helst mellom to tenester.

Nivå 3: Beskriv eit meir omfattande tverrfagleg samarbeid mellom fleire tenester.

- Nivåa og tenestene i grunnmodellen vert bundne saman gjennom ein samarbeidsstruktur som er basert på at ein aktør, stafethaldaren, har ansvar for å koordinera den tverrfaglege samhandlinga og dokumentera arbeidet i ein stafettlogg.
- Me kjem til å informere meir om BTI på foreldremøte til hausten.

Sak 5/21 Utbygging

- Utbygginga har til no gått fint. Det er mest Knubben som har merka noko til bygginga fram til no, ved at dei i ein periode ikkje hadde grovgarderoben sin. Men tilsette og foreldre har vore positive og tilpassingsdyktige. Dei gjere ferdig den sida dei driver med no (på utsida av barnehageområdet, før dei startar på andre sida om ca. 1,5 månad.
- Det vart ikkje nødvendig å flytte avdelingane til Fosshagen bhg for ein periode.
- Knubben, Skuleholten og den nye universelle tilkomsten skal vera klart til 15.august.

Sak 6/21 Foreldremøte

- Det blir ikkje foreldremøte i vår pga. Korona-restriksjonar.
- Alle får som vanleg tilbod om foreldresamtale.

Sak 7/21 Dugnad

- Ønskjer å få bygd ein gapahuk eller trelavvo som kan erstatte den øydelagde lavvoen på Storanaset.
- Sjekka med vidaregåande skule.

Sak 8/21 Innkomne saker frå foreldre

- **Endring av organisering av barnegrupper**
 - Sende ut infobrev om prosessen rundt fordeling av barna og organiseringa av Kjørnes barnehage. Gjerne i velkomstskriv/info til nye foreldre.
 - Ønskjer frå nokre foreldre med aldersblanda avdelingar.
 - Har vore ulike måtar å organisera på, med blanda aldersgrupper og aldersreine opp gjennom åra.
- **Tilsette, vikarar og stabilitet**
 - Det har vore veldig lite fråvær blant personalet i år, og det kan då vere utfordrande å halda på tilkallingsvikarar når det kan gå veker mellom kvar gong me har jobb til dei. Nokre av tilkallingsvikarane er høgskulestudentar, og me er heldige som har høgskulen so nær og då god tilgang til tilkallingsvikarar. Me har òg nokre som har mindre stilling hjå oss og jobbar som tilkallingsvikar i tillegg.
 - Ønskje frå foreldre om info i god tid om endringar i personalet.
 - Me har fått tilbakemelding frå foreldre som opplever at det har vore mykje utskiftingar i personalet på Kleivane i år.
 - Uforutsette og forutsette endringar skjer innimellom i personalet, og av og til skjer fleire på ein avdeling. Me ser på barnehagen under eitt og prøver alltid å løyse det på beste måte for alle. Men når det gjeld tilsettingar må me forhalda oss til lovar og reglar, og ha gode prosessar på det.

- Ved avdelingsbyte er det ønskjeleg at meir enn ein kjend vaksen følgjer over.

- **Smittevern**

- Masse skryt til tilsette for den gode jobben som er blitt gjort i år i forhold til smittevern i barnehagen; foreldra har følt seg trygge. Takk for at tilsette minner foreldra om smittevern.

- **Barnehagefoto**

- Marit har delt tilbod frå barnehagefotograf med foreldra; var berre 6 som svarte at dei ønskja barnehagefotograf skal komma i barnehagen.
- Tilsette i barnehagen kjem til å ta gruppebilde av kvar avdeling no før sommaren, som me pleier å ta i bildemappa barna får når dei sluttar i barnehagen.
- Skal sjekke moglegheita for om foreldra kan få fotokopi av det når me har tatt bilde. Eller sende det på e-post til foreldra, men då må me ha samtykke frå alle.